

**OVERSIKT:** Skisse som viser byggeprosjektet til Norske Fjellhytter, ein kilometer nord for Beitostølen sentrum på nedsida av fylkesveg 51. FOTO: AREAL PLUSS

## Norske Fjellhytter vil byggje restaurant og spa i Aasgarden-prosjektet:

# Prinsippdebatt ka

**Norske Fjellhytter ynskjer å omregulere området for Aasgarden-prosjektet nord for Beitostølen, slik at dei også kan byggje restaurant, spa og anna næringsverksemd. Bygningane er på fem etasjar på det høgaste, medan området rundt består av hytter. Saka har skapt debatt.**

GEIR HELGE SKATTEBO
geir.skattebo@avisa-valdres.no

**BEITOSTØLEN:** Saka har vore drøfta både med Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren, ettersom den er av prinsipiell betydning. Skal det leggjast næringsverksemd så langt frå Beitostølen sentrum? Bygningshøgdene er også noko anna enn «hyttestørrelse», men har tre til fem etasjar.

Saka var oppe i formannskapet i Øystre Slidre torsdag, der Gunnar Thue i Høgre ynskte ei synfaring før dei går vidare. Det fekk han ikkje dei andre politikarane med på. Saka om planprogram vart vedteke mot Thue si stemme og dermed kan Norske Fjellhytter gå vidare med prosjekteringa.

### Både næring og hytte

Det er Areal Pluss som utfører planarbeidet på vegner av Norske Fjellhytter AS. Det aktuelle området ligg cirka ein kilometer nord for Beitostølen sentrum. Planen til Norske Fjellhytter er å omregulere området frå fritidseigedom og over til næring, kombinert med turist- og fritidsføremål. I dag er gjeldande reguleringsplan for Markahøvda regulert for fritidseigedommar.

Åshild Beien i Norske Fjellhytter har tidlegare gjort eit intervju med avisa Valdres i saka. Der seier ho at dei har lyst til å lage ein møteplass som inneheld kafé, restaurant, mini-spa, parkering, ladeplassar og leikeplass. Dei har også tankar om ei planlagd skibru over fylkesveg 51 for å ha «ski-in-ski-out».

I regionalt planforum er det opplyst at planen er å byggje ni nye leilegheitsbygg og i formannskapet kom det fram at høgda er opp i fem etasjar og blir liggjande på høgdedraget heilt inntil fylkesveg 51.

### Inhabil Oxhovd, Thue inn

Den politiske behandlinga i formannskapet starta med at Bente Oxhovd (H) erklærte seg inhabil, fordi ho er medeigar i Støltlie Boveme, som potensielt er ein leverandør av varme til området. Dermed var det Gunnar Thue som tok hennar plass.

Rådmann Jostein Aanestad innleia i saka:

– Dette er ei sak som er til behandling som planprogram, der ein del konsekvensar skal greiast ut. Dei politikarar tek ikkje stilling til prosjektet no, men planprogrammet og kva som skal greiast ut, sa rådmannen.

– Det som er særleg relevant problemstilling her, er verknaden for sentrumsfunksjonar ved å leggje denne typen aktivitet nord for sentrum av Beitostølen. Det er viktig å få greidd ut dette og det har vi også påpeikt i oppstartsmøte og i dokumenta. I alle saker der det skal byggjast, så vil det engasjere dei som bur rundt. Det har det også gjort i denne saka og det har kome mange innspel, sa Aanestad, før politikarane slapp til.

### Var i regionalt planforum

Saka har vore til drøfting med Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren 20. januar, i det som blir kalla regionalt planforum. Der uttala Kari K. Sandler frå fylkeskommunen følgjande: «Vi saknar ei breiare drøfting av planforslaget sine konsekvensar for sentrumsutviklinga. Planforslaget er i strid med føringane i regional plan og ei utgreiing av dette temaet er derfor viktig. Kva betyr det for sentrum at det etablerast sentrumsfunksjonar utanfor kjernen? Vil Aasgarden bli ein satellitt til dagens sentrum, eller skal det framtidige sentrum utvidast heilt opp til Aasgarden? Er Aasgarden i reell gangavstand til sentrum», uttala Sandler.

Ho lurte også på om det vil vera mogleg å lage eit klimarekneskap knytt til utbygginga, for å synleggjere konsekvensane.

I same møtet uttala rådmannen at; «Kommunen meiner planarbeidet ikkje bør måtte vente til kommuneplanarbeidet, som forventast å ta to år, er ferdig».

Utbyggjar Åshild Beien argumenterte med følgjande: «Midt i sentrum på Beitostølen er ved Lodgen. Serveringstilbodet på Beitostølen er allereie spreidd langt utanfor sentrumskjernen, ved campinga m.m.»

### Er dette sentrum?

Politikarane tok debatten torsdag.

– Det er eit spørsmål om kor langt ut frå Beitostølen sentrum vi skal dra denne type aktivitet. Eg meiner vi byrjar å dra oss i grenseland i høve til avstand til sentrum, sa Arnfinn Beito (Sp).

– Det er rett det som Arnfinn tek opp her, for vi må gjere ei veldig stor omregulering. Det er veldig stor forskjell på fem-etasjars bygg og fritidsbustader. Vi bør reise ut i marka og ha ei synfaring før vi er i stand til å gjere noko fornuftige vedtak. Eg meiner at saka burde utsetjast til etter ei synfaring, sa Thue.

– Dette ligg også på eit høgdedrag i terrenget. Det er jo der den gamle Fjellhamar-hytta stod. Det er veldig markant sett ifrå veldig mange kantar. Eg skjønar difor veldig godt dei innspela som har kome frå naboar. For det er veldig stor forskjell på det dei har måtte ta omsyn til i eksisterande reguleringsplanar og det som er foreslege her. Så trur eg det er veldig greitt for utbyggjar at vi ikkje slepp dette langt av garde i eit planprogram som vi må gå tilbake på. Vi må absolutt ha ei synfaring for å få vite kva dette dreier seg om, la Thue til.

Ordførar Odd Erik Holden ynskte ikkje å utsetje saka, men var heller ikkje gira på ein synfaring no med tanke på koronasituasjonen. Også rådmannen meinte at dei burde vente med ei synfaring.

### Ville ha synfaring fyrst

– Eg deler veldig det som blir teke opp her. Det står i saka at




**BEITOSTØLEN:** *Cirka ein kilometer nord for Beitostølen ligg planområdet.* FOTO: AREAL PLUSS

# n stoppe planane



**INNHABIL:** *Bente Oxhovd i Høgre trekte til side, slik at Gunnar Thue kom til bordet. Bak ser vi tidlegare ordførarar.* FOTO: GEIR HELGE SKATTEBO



**I MØTET:** *Budal arbeider til dagleg i Beitostølen Fjellandsby, eit selskap som sjølv har tomter til sals i Markahøvda – nabofeltet til Aasgarden.*

vi «godkjenner planprogrammet», men det vi gjer altså er å bestille ei konsekvensutgreiing. For det er som Gunnar seier, at det er noko med dei signala vi sender no, sa Kristin Krogvold Fystro (Sp).

– De politikarar tek ikkje stilling til sjølve saka no, men planprogrammet. Vil ein ikkje godta dette, så må det vera manglar i planprogrammet. Sjølve saka kan koma opp att alleneie i neste møte, sa Aanestad.

– Vi oppnår ikkje noko ved å utsetje saka no. Men, det som blir tema, blir kraftigheiten i dette, både med omfang og høgde. Det er ein heilt annan sak. Dette området har vorte utvikla og foredla på ein god måte og ser bra ut. Eg har ikkje noko problem med å bli med på vedtaket her om eit planprogram, sa Bjarne Budal (Ap).

Thue fremma ikkje eit vedtak om utsetting og synfaring, men var ikkje samd med dei andre fire i formannskapet.

## – Reise enkeltvis

– Om vi ikkje kan reise opp dit samla med heile kommunestyret på synfaring på grunn av koronasituasjonen, så synest eg at vi skal oppfordre politikarane å reise dit enkeltvis. Denne saka er av ganske stor prinsipiell betydning på Beitostølen, som vil ha verknad lakk framover i tid. Då vil vi ha meir støtte i synet, om vi engasjerer kommunestyret i saka, sa Beito.

– Vi må nok ha med folk som kan noko om saka, for å reise opp dit åleine, blir vanskeleg, svara ordføraren.

– Eg tenkjer det er tenleg å sjå den dokumentasjonen som vil koma i saka, så det kjenner planane og kan vurdere saka på det grunnlaget. Så er det uansett kommunestyret som skal ta stilling til saka, sa Aanestad.

Gunnar Thue stemte imot å fremje planprogrammet, medan dei fire andre stemte for. Dermed blir det eit planprogram og Norske Fjellhytter kan halde fram med arbeidet.